

Referat frå styremøte 12. november 2024

Til stades: Ingrid Haugstad Håland, Rita Aase Austvoll, Margrete Tytlandsvik, Valborg Roalkvam Sandal, Astrid Skretting, Anna Laurentse Søyland, Anne Kristine Lilleskog Andersen (Meet), Bjørg Seldal og Gro Mabel Anda (sak 06/2024) og Åse-Berit Fidjeland

Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjent

Sak 02/2024 Gjennomgang av referat frå førre styremøte
Godkjent

Sak 21/2024: Årsmøte 2025

Annonsar: 1000,- kvartside, 2000,- halvside og 4000,- heilside
Sal av annonsar - kven les dette? Alle delegatar/deltakarar, årsmeldinga blir lagt ut på RBK si heimeside i ettertid. Nokre annonsørar vil ha ei utgåve.
Ordføraren - kan vera både munnleg og skriftleg, eller berre ein av delane
Helsing frå lokallaga - munnleg presentasjon, ev. fredag kveld
Konferansier - Kristin har meldt seg
To frå kvart lag planlegg og har nytt møte i januar
Dei som er med i komitear blir betalt for av laget

Sak 04/2024 Økonomioversikt
Orientering om økonomien p.d.d.

Sak 20/2024 Lokallagssamling hausten 2024

1) Evaluering

Me synest samlinga og dagen var lærerik og gild, og me har tatt til oss både ros og litt ris.

2) Etterarbeid kafédialog

Laga ein idébank på RBK si nettside når me har hatt eit godt kurs, som Saniteten som er gode på helse/symptom, gode kurshaldarar (spør på førehand), men korleis? Har lokallaga nokre forslag?

Ein bør diskutera sosiale medium vidare, for her sprikar det i alle retningar, og det er lurt å finna ut kva som passar for kvart lag etter innspel

- referat tilgjengeleg
- informera om aktivitetar via plakatar, SMS, for alle har ikkje FB
- ei heimeside er ein svært god lagringsplass, dokumentasjon for framtida for ein kan laga ein liten (lang) tekst med bilete etter eit arrangement, lett å oppdatera, må vera levande og kan vera idébank for andre lag

Åse-Berit systematiserer dei ulike oppgåvene litt meir, legg ut på heimesida og sender til lokallagsleiarane.

Sak 06/2024 Førebuande møte med ordstyrarane til årsmøtet 21.-22. mars 2025

- program, sakliste, retningslinjer/vedtekter, namn på to som skal skriva under og ein som skal referera (SMÅ), samt teljekorps (observatørar) på førehand, årsmøtekotyme/retningslinjer (+ etiske) (i årsmøtepapira), skikkeleg vedtak på førehand i årsmøtepapira, stemma over budsjettet (til etterretning). faste plassar og nummer på stemmelappane.

Park Inn Radisson, Avaldsnes - styret på rekkje fremst, laga samla, plass til dei som "berre" kjem på laurdag.

Sak 14/2024 Gjennomgang av retningslinjer for styret sitt arbeid

Halda fram gjennomgang av styrepermen med retningslinjer, sjå vedlegg 4;
- Retningslinjer for leiarmøte i Rogaland bygdekvinnelag -

Kva er eit leiarmøte i forhold til lokallagssamling og inspirasjonsseminar? Anne Kristine forventa å bli kalla inn til eit møte for leiarar når ho vart ny leiar, m.a. for å få ein felles leiarkultur, informasjon og støtte frå distriktslaget.

Tankar rundt bordet:

Skal me invitera leiar og kasserar, leiar og ein til, berre leiar?

Regionmøte/sonevis - ein ettermiddag

Suldal - fire lag som skal ha felles møte + Hjelmeland vil vera med (4. februar)

Viktig for distriktslaget å vera med på møte og aktivitetar, slik at alle har eit fjes å kjenna att, kontakta, spørja om råd om dei vil

Retningslinjene vart reviderte, og skrivaren samlar alt i eitt dokument; Styreperm

Sak 03/2024 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallag:

Ingrid og Ann Karin - har vore på mange årsmøte, og det er litt ulike måtar å gjennomføra årsmøte på, så leiarane har lova å laga ein mal for gjennomføring. Veldig gildt å treffa alle!

Åse-Berit - har vore på formøte i AU og årsmøte i Sirdal BK.

Anne Kristine - synest det er driv og aktivitet og det sprer seg ei positiv stemning i laget; må ha meir av lokallagssamlingar.

Rita - har vore på årsmøte i Sola BK som har ny ny leiar og nytt medlem. Det er mykje å gjera, og på møtet i Gjesdal BK fekk ho ideen om idebank.

Astrid - skulle vore med på teamsmøte i Bondelaget. Varhaug BK har vore på Under tøyen i Egersund - veldig gode tilbakemeldingar.

Margrete - har vore på årsmøte i Erfjord BK, og Hjelmeland BK hadde kurs om førstehjelp ved Røde Kors på årsmøtet.

Valborg - årsmøtebesøk hos Suldal BK hadde besøk av Wenche Haugen Havrevoll som driv [All verdas gåver og bruksting](#) og hos Sand BK. Dei har veldig mykje aktivitet gjennom året, har 17 medlemmar og mange av våre nye landsmenn er med, og dei driv hage og potetåker.

4H v/Anna Laurentse Søyland - 4H har hatt fylkesstyresamling i region vest, medlemsvekst med gåvekort i 4H-klubben til to lokallag, og kontakt med Haugen Havrevoll for å læra 4H-arar i Nepal korleis me gjer det i Noreg. Dei har òg samarbeid med Gambia.

Studieforbundet v/Rita - skal på møte onsdag 13.11.24 i styret i Rogaland.

Innkomne skriv og meldingar:

Informasjon om Jorddøgn litteraturfestival - skrivaren sender til lokallagsleiaren

Eventuelt/anna:

- Kake for å feira at NBK vann matprisen "Årets formidler"
- Botntekst: Me må ha fast adresse, men skrivaren rettar opp e-postadressa og telefonnummer

Postadresse:

Postboks 278 Sentrum
2002 Stavanger

Besøksadresse:

Felleskjøpet RA
Sandvikvn 21

Telefon:

93016929

E-post:

rogaland.bygdekvinnelag@gmail.com

Bankgiro:

3201.0502275

Foretaksnr:

975658848

- c) Følgjer me både arbeidsplan og årshjul?
- byggjer org. i RBK - lokallagssamling, ta vare på nye og gamle + dela nye idear
 - aktive soneleiarar
 - leiarane har vore på mange (års)møte
 - oppfordrar til Nøysom - er både lokale kurs og NBK sine prosjekt
 - styrka og utvikla samarbeidet ved å ta med 4H
- d) Verving: Når det er noko som ser kjekt ut og mange vil vera med, kan ein seia at det er medlemmane som blir prioriterte, men at dei berre må melda seg inn. Og kanskje kan me gjera det saman med vedkomande på mobilen, eller ha med PC/iPad på arrangement
- e) Purring på medlemskontingent får vera lokallaget si oppgåve om dei ynskjer det, men i samband med eit anna spørsmål svarar NBK v/Marte Gjestvang Olimb:
Der det er noe rart som har skjedd, finner vi ut av det og registrerer innbetalingene manuelt. Om det finnes medlemmer som mener at de har betalt og ikke er registrert, må de derfor sende oss en mail med kontoutskrift (trenger å se dato og hvilken konto pengene er overført til) så vi kan forske på hvor kontingenten har tatt veien, til post@bygdekvinnelaget.no